

---

Vår referanse 2021/46308-1  
Dato 02.09.2021

---

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Hosteland vest - Bustadområde - Masfjorden kommune

Vi viser til synfaring saman med Masfjorden kommune, ABO plan & arkitektur og tiltakshavar 19.08.21 ved ovannemnde bustadområde.

Ved synfaringa vart det i særleg grad sett på moglege punkt på Fv 570, der ein kan etablere nytt kryss frå framtidig bustadområde på fylkesvegen. Vestland fylkeskommune gjev med dette ei tilbakemelding med vurderingar med utgangspunkt i synfaringa.

### Kryss på Fv 570

Ved synfaring var det særleg to punkt på Fv 570 som var aktuelle for vurdering av framtidig kryssløysing. I tillegg vart krysset ved Areklett vurdert. Vi ser at det ligg eit stykkje unna det aktuelle området. Tiltakshavar vurderte heller ikkje dette som eit naturleg punkt for å komme seg inn til bustadområdet.

Alternativ 1 nærast Hostelandtunnelen har sine trafikale utfordringar med at det ligg nært opp mot tunnelen. Krav til sikt mot tunnelen er 2 x stoppsikt som er på 115 meter på veg med fartsgrense 80 km/t. I dette tilfellet vil dette bety ei minimumsdistanse til tunnelmunningen på 230 meter. Vi ser at det ikkje er slik stoppsikt med utgangspunkt i staden der krysset er tenkt lokalisert. Vi ser at det er trafikale utfordringar her spesielt med trafikk frå aust som kjem ut av tunnelen, spesielt på solrike dagar. Ein vil då kunne ha utfordringar med å få med seg det som skjer i kryssområdet. Det er særleg strenge reglar med tanke på sikt opp mot tunnelar. Vi ser det som svært lite sannsynleg at ein vil få innvilga fråvik frå Vegnormalen dersom ein søker om det. Vestland fylkeskommune er av den oppfatning at vi heller ikkje er innstilt på å fråvike desse krava og dermed utfordre trafikktryggleiken. Vi skal bidra til at framtidig kryss på Fv 570 er så trafikksikkert som råd er.

Kryssalternativ 2 ligg lenger vest. Her vil ein kunne klare å få etablert tilfredsstillande frisiktsoner og gode svingradiusar. Dette betyr likevel at ein over eit område må leggje sideterrenget flatt. I praksis betyr dette at ein må fjerne ein del skog og bergparti. Dette lar seg gjøre med litt innsats. I tillegg vil ein kunne få steinmassar som ein kan nytte i bygging av internvegen. Vestland fylkeskommune vil anbefale at ein går vidare med alternativ 2. Dette alternativet ser vi å kunne slutte oss til ut i frå den informasjon vi har om området ettersynfaringa og dei trafikkområda vi skal ivareta.

### Kollektivhaldeplassar

Begge kryssalternativa har med kollektivhaldeplassar i utforminga. Alternativ 1 har med kollektivsløyfe. Slik vi forstår situasjonen pr 2021 så er det berre skulebuss som trafikkerer dette området. Skulebussen går i dag inn på kommunal veg på Areklett og hentar elevane der. Alternativ 2 legg opp til busslommer langs Fv 570. Slik vi oppfattar Skyss er det mest ønskjeleg med busslommer. Det er gode tilhøve for bakoversikt på staden for busstrafikk. Vi opplever i fleire samanhengar at ein i kollektivtransporten ikkje ønskjer å leggje inn ekstraturar i eller mot bustadområde, men at ein mest effektivt skal kunne køyre rutene frå A til B. Vi vurderer at det i framtida ved utbygging i dette området kan bli aktuelt med fleire bussruter, all den tid Nasjonal transportplan legg opp til auka bruk av kollektivtransport.

**Tilbod til mjuke trafikantar**

Ved etablering av bustadfeltet må ein leggje til rette for auka bruk av sykkel og gange. Vi ser at austleg del av bustadområdet har kort veg til naustområde med veg mot Hosteland sentrum. Det er særst viktig at dette kjem på plass tidleg i byggjefasen. Med bakgrunn i kartmateriale ser vi at delar av området er bratt, men vi fekk inntrykk ved synfaringa at dette skulle la seg realisere. Det er stor vinst i folkehelse og miljø med tanke på bruk av gange og sykkel til Hosteland sentrum, skule og idrettsområde, i staden for bruk av bil.

**Samanfatning**

Med bakgrunn i synfaring på staden og trafikale vurderingar med siktemål om å ivareta trafikktryggleiken og ferdsla i området på ein tilfredsstillande måte, oppfordrar vi til at ein går vidare i planarbeidet med kryssalternativ 2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare arbeidet ha eit særleg fokus på mjuke trafikantar og deira moglegheiter til å ta seg inn til Hosteland utan å nytte dei delane av Fv 570 som ikkje har tilfredsstillande tilbod for gange og sykkel. Etablering av slikt tilbod frå austsida av bustadområdet mot Hosteland må vere eit krav i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Sigmund Matias Bødal  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ABO PLAN & ARKITEKTUR      Postboks 291  
AS